



Vanleg uer *Sebastes marinus*

Raudlista art



Bestanden av nordaustarktisk vanleg uer (*Sebastes marinus*) har hatt sviktande rekruttering sidan tidleg på 1990-talet, og Det internasjonale råd for havforskning (ICES) vurderer bestanden til å ha redusert reproduksjonsevne. Tilgjengelege data indikerer at bestanden no er nær eit historisk lavmål, og på veg nedover på grunn av manglande rekruttering. Denne situasjonen er venta å vare i mange år. Tilstanden til vanleg uer er i Raudlista vurdert som Sårbar i forhold til risiko for utdøying i løpet av komande 100-årsperiode.


Status
Kategori Sårbar (VU) på Norsk raudliste 2006

Kjenneteikn

I våre farvatn har vi tre ulike uerartar som høyrer til familien Scorpaenidae, vanleg uer (*Sebastes marinus*), snabeluer (*Sebastes mentella*) og lusuer (*Sebastes viviparus*). Når ein skal identifisere desse artane er det viktig at ein ser på heilskapen, og ikkje berre baserer identifiseringa på ein karakter (Nedreaas, 1990). Det som kjenneteiknar vanleg uer er at han er gylden/oransje-raud og stinn/kraftig i fisken. Den kan bli 90–100 cm, og er såleis den uerarten som blir størst. Vanleg uer har oftast ikkje noko tapp på underleppa, men gjerne ein klump. Til havs, særleg sør for Andenes, kan denne tappen ofte vere tydeleg, og fisken kan på grunnlag av tappen åleine forvekslast med snabeluer. Vanleg uer har mindre auge enn snabeluer (men der tappen på underleppa er tydeleg er også augene større og meir lik snabelueren). Piggane på forgjelleloket hos vanleg uer peikar loddrett ut frå kanten (radiert).

Utbreiing

Vanleg uer lever på 100–500 meters djup på kontinentalsokkelen, langs kysten og visse stader inne i fjordane. I norske farvatn er han utbreidd frå nord til nordvest for Spitsbergen, men sjeldan i fiskbare mengder nord for Tromsøflaket/Bjørnøya. Vidare sørover finnest den spreidd i Nordsjøen og Skagerrak. Yngleområdet strekkjer seg langs eggakanten og kontinentalsokkelen frå Shetland og nordover til Andøya, med Storegga, Haltenbanken og Vesterålen som dei viktigaste områda.




Tal på individ fanga per trålttime. Kartet er basert på alle registreringane av vanleg uer i Havforskningsinstituttet sine fiskedata i perioden 1932-2006.

Biologi

Vanleg uer føder levande 4–6 mm yngel i april-mai. Parringa føregår om hausten, og hannfisken treng såleis ikkje vere til stades i fødselsperioden. Som toåring er vanleg uer 10–12 cm, og frå no av veks han om lag 2 cm per år til han blir kjønnsmoden. Som 11–12 åringar og 30–35 cm lange er halvparten av individa kjønnsmodne. Vanleg uer lever av dyreplankton i sine første leveår for deretter å gå over til krill, lodde, sild og torskefisk. Som byttedyr er småueren viktig føde for torskefisk og kveite.

Bestandsstatus

Ein 50–80 % reduksjon i førekomst av vanleg uer (særleg yngel og ungfisk) i løpet av dei tre siste generasjonane (45 år), tilseier at dette er ein Sterkt trua (EN) bestand. Ei vid og utilgjengeleg (for fiske) utbreiing, samt nyleg innførde reguleringar av fisket gjer likevel framtidig risiko for utdøying mindre enn den historiske bestandsutviklinga tilseier. Bestanden blir difor klassifisert som Sårbar (VU). Dette indikerer ein utdøyingsrisiko på minst 10 % i løpet av neste 100-årsperiode. Bestanden har



Totale landingar (i 100 tonn) frå alle nasjonar av vanleg uer i områda nord for Stad (norskekysten, Norskehavet og Barentshavet) i perioden 1908-2005.

hatt sviktande rekruttering sidan tidleg på 1990-talet, og Det internasjonale råd for havforskning (ICES) vurderer bestanden til å ha redusert reproduksjonsevne (ICES 2005). Toktresultat og fangstrater frå trålfisket viser ein klar reduksjon i førekomst, og indikerer at bestanden no er nær eit historisk lavmål (ICES 2006). Årsklassane det siste tiåret har vore svært svake og det er ingen teikn til betring. Bestanden er difor svak og på veg nedover på grunn av manglande rekruttering. Denne situasjonen er venta å vare i mange år. ICES tilrår strengare reguleringar på grunn av framleis nedgang i gytebestand og rekruttering. Dagens reguleringstiltak er utilstrekkelege. ICES gjentek rådet om stopp i alt direkte fiske, utviding av fredinga, og skjerpa bifangstreguleringar for trål. Det er viktig med eit sterkt yngelvern for å sikre rekruttering og byggje bestanden opp att.

Les meir om vanleg uer på Havforskningsinstituttet sine heimesider: http://www.imr.no/dokumenter/ressurs_og_miljo

Referanser

ICES. 2005. Report of the ICES Advisory Committee on Fishery Management, Advisory Committee on the Marine Environment and Advisory Committee on Ecosystems, 2005. ICES Advice. Volumes 1 - 11. 1418 pp.

ICES 2006. Report of the Arctic Fisheries Working Group. ICES CM 2006/ ACFM: 25.

Nedreaas, K. 1990. Genetic studies and age-determination of northeast Atlantic redfish (genus *Sebastes*). Dr.scient. thesis. Dept. Fisheries Biology, University of Bergen, 16 March 1990. 181 pp.

Lenker

www.fishbase.com